## Rett til jakt og fangst i bygdeålmenning (§ 7-1 i lov om bygdeallmenninger):

”Rett til jakt og fangst av annet vilt enn hjortevilt og bever i bygdealmenning har den som utøver bruksrett i allmenningen for eiendom med tilliggende bruksrett, jfr. § 2-1, samt ektefelle, barn og eventuelle andre familiemedlemmer som bor sammen med og har felles husholdning med denne.

Rett som nevnt i første ledd, har også føderådsfolk som bor på eiendommen, samt andre personer som bor på eiendommen og er fast knyttet til driften.”

Etter § 7-2 kan ålmenningsstyret gje andre enn bruksrettshavarar tilgang til jakt. Det er i dag ein avgrensa tilgang til småviltjakt, elg- og hjortjakt og rådyrjakt for andre.

## Småviltjakt

Bruksrettshavarar har etter lova rett til småviltjakt. Retten gjeld og familiemedlemer og sume andre ( sjå sitat frå lova ovanfor).
Andre kan søkje om småviltjakt. Søknadsfrist er 1. april.
Jakttid utan hund: 15.09. – 20.12. Unntak: Storskarv (01.10. – 30.11.), heilo/enkeltbekkasin (15.09. – 31.10.), ekorn (01.11. – 201.12.)
Harejakt med hund: 20.09. – 20.12. Rupejakt med hund: 20.09. – 31.10.
Det er krav om ”sauerein-bevis” for hund.

## Reinsjakt

1. Bruksrettshavarar kan søkje om reinsjakt i Joramo bygdealmenning.

2. Bruksrettshavar kan leige jeger til å jakte for seg.
   Krav til jeger:
   a) familiemedlem (ektefelle/ sambuar, barn, foreldre, besteforeldre eller sysken), eller:
   b) annan bruksrettshavar i Joramo bygdealmenning.
      Presisering:
      Innleigd jeger kan berre jakt for ein bruksrettshavar.
      Bruksrettshavar som er innleigd jeger for annan bruksrettshavar kan i tillegg jakte på eigen tildelt rett.

3. Lagjakt kan utøvast ved at bruksrettshavar som er tildelt jakt dannar lag i hop med:
   a) familiemedlem (definert som i 2 a)), eller:
   b) annan bruksrettshavar som er tildelt jakt.

4. Prioritering av søkjarar:
   a) Innanbygds jegerar (bruksrettshavar eller event. leigd jeger) vert prioriterte.
   b) Rangering av søkjarar etter tal år sidan siste tildeling av jakt.

5. Søknad om jakt:
   a) Søknad om jakt må fremmast av bruksrettshavar.
   b) Namn på event. leigd jeger må framgå av søknad.
   c) Søknadsfrist: 30. april.

PDF skapad med pdfFactory testversion www.pdffactory.com

**Vanleg elg- og hjortjakt**

1. Jakttid: 25.09. – 31.10.
2. To jaktfelt: Fjellfeltet og Skogfeltet.
3. Loddtrekning mellom godkjente lag.Lag som har hatt jakt i Joramo bygdealmenning i løpet av dei siste tre åra stiller bak i trekningen. Tre-årsfristen blir bestemt ut frå den på laget som sist hadde jakt i Joramo bygdealmenning.
4. Minst ein av medlemene på laget må ha bruksrett i Joramo bygdealmenning og vera aktiv jeger med avlagt godkjent storviltprøve.
5. Lag med minst halvparten av medlemene busett i bygdelaget som soknar til ålmenninga og som ikkje (er tildelt) har jakt i andre vald i same periode, blir prioriterte ved trekning.
6. Jaktleiar må ha minst tre års erfaring som elgjeger.
7. Laget skal ha 6 -10 medlemer.
8. Inntil to yngre jegerrekruttar (16 – 18 år) kan delta som gjestejegerar på elg-/hjortjakt.
9. Jaktlag med godkjent ettersøkshund innan laget blir prioriterte ved trekning.

**Eiga hjortjakt.:**

1. Jakttid: 10.09. – 22.09. og 01.11. - 15.11.
2. Eiga hjortjakt blir utlyst saman med vanleg elg-/hjortjakt, og det skal stillast same krav til jaktlag som for vanleg elg- og hjortjakt.
3. Jaktlag med godkjent ettersøkshund innan laget blir prioriterte ved trekning.
4. Hjort som er att av kvote etter fyrste periode 10.09. – 22.09., vil bli overført til elgjaktlag. I andre periode 01.11. – 15.11. kan det jaktast vidare på hjort som enno er att av kvote, eventuelt tilleggsdyr.

**Rådyrjakt/ lagjakt**

1. Jaktlaget skal bestå av 3-6 personar.
2. Minst ein av jegerane på laget må ha bruksrett i Joramo bygdealmenning og vera aktiv jeger.
3. Prioritering av med minst halvparten av jegerane frå bygdelaget til Joramo bygdealmenning.
4. To jaktfelt: 1. Nord for Raumabana og 2. Sør for Raumabana
5. Jakttid: 01.11. – 20.12.
6. Jaktlag med godkjent ettersøkshund innan laget blir prioriterte ved trekning.

**Rådyrjakt/ bukkejakt**

1. Individuell jakt etter rådyrbukk
2. Prioritering av bruksrettshavarar
3. Jaktfelt: Sør for Raumabana
4. Jakttid: 10.08. – 24.09.

PDF skapad med pdfFactory testversion www.pdffactory.com

**Rovviltjakt**
Bruksrettshavarar har rett til jakt på rovvilt. Ålmenninga er med i felles jaktområde for smårovvilt i Dovre kommune, administrert av Dovre fjellstyre.

PDF skapad med pdfFactory testversion www.pdffactory.com